



DET KONGELEGE
FORSVARSDPARTEMENT

Prop. 84 S

(2013–2014)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Investeringar i Forsvaret

*Tilråding frå Forsvarsdepartementet 25. april 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Føremålet med denne proposisjonen er å be om Stortinget si godkjenning til å starte opp to nye investeringsprosjekt, godkjenning av endringar i eit tidligare godkjent prosjekt og å orientere Stortinget om nokre andre prosjekt og tiltak.

Proposisjonen har følgjande innhald:

- Godkjenning av kostnadsramme for eit nytt eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt (kapittel 1761, post 47): *Ørland – nytt skvadronsbygg F-35.*
- Godkjenning av endringar i tidlegare godkjent prosjekt (kapittel 1710, post 47): *Nye stasjonar til Grensevakta i Sør-Varanger.*
- Godkjenning av eit nytt materiellprosjekt (kapittel 1760, post 45): *Oppgradering av luftvernssystem til Fridtjof Nansen-klassen fregattar.*
- Saker til informasjon: *Landbasert indirekte eldstøtte, fleirnasjonalt samarbeid om multi-rolle tank- og transportfly, einskapshelikopter til Forsvaret og klede og verneutstyr – teknisk justering av kostnadsramma.*

2 Nytt eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt for godkjenning (kapittel 1761)

2.1 Ørland – nytt skvadronsbygg F-35

Stortinget har gjennom handsaminga av Innst. 388 S (2011–2012), jf. Prop. 73 S (2011–2012), ved-

teke at hovudbasen for Forsvaret sine nye kampfly skal lokalisert og etablerast ved Ørland hovudflystasjon.

Som oppfølging av Stortinget sitt vedtak fekk Forsvarsbygg i oppdrag å etablere den nye hovudbasen for F-35 på Ørland. Forsvarsbygg har etablert samarbeid med Ørland kommune, Bjugn kommune, Sør-Trøndelag fylkeskommune, Fylkesmannen i Sør-Trøndelag, landbruksnæringa og grunneigargrupperingar for å etablere gode løysingar både for Forsvaret og lokalsamfunnet. Forsvarsbygg sendte fram forslag til reguleringsplan med tilhøyrande konsekvensutgreiingar for den nye kampflybasen på Ørland til Ørland kommune i januar 2014. Reguleringsplanen er no til handsaming i kommunen og eit endeleg reguleringsvedtak kan tidlegast kome i november 2014.

Skvadronsbygget er det første byggjeprojektet i etableringa av den nye hovudbasen for F-35 på Ørland. Bygget må stå ferdig allereie våren 2016 for mottak av dei første fire simulatorane for F-35 som vert leverte gjennom kampflyanskaffinga.

Skvadronsbygget vil innehalde ein administrasjonsdel med kontor, møterom og garderober for to F-35-skvadronar, simulatorskvadronen og vedlikehaldsskvadronen. I tillegg skal skvadronsbygget gi plass for ei simulatoreining med åtte F-35-simulatorar og fasilitetar for planlegging av operasjonar, trening og øving for F-35-skvadronane med tilhøyrande brief-/debriefrom og tekniske rom. Å lokalisere dei operative kapasitetane saman med

simulatorfasilitetane og vedlikehaldsfasilitetane vil sikre maksimal utnytting av tilgjengelege ressursar. Forsvarsdepartementet planlegg difor at vedlikehaldshangarane for F-35 vert bygde i nærleiken av det nye skvadronsbygget. Kort avstand mellom dei operative avdelingane og trenings- og vedlikehaldskapasiteten vil gje ein effektiv flytimeproduksjon og sikre god operativ kapasitet for kampflyvåpenet.

Prosjektet for etablering av eit nytt skvadronsbygg for F-35 på Ørland er føreslege gjennomført innanfor ei kostnadsramme på 619 mill. kroner.

Byggjeprojektet for etablering av nytt skvadronsbygg for F-35 på Ørland har eit grensesnitt mot fleire andre investeringsprosjekt på den nye kampflybasen. Skvadronsbygget vil verte tilrettelagt for samankopling med det planlagte vedlikehaldsbygget for F-35. Vidare er det naudsynt med eit prosjekt for etablering av utomhus infrastruktur og tilkopling til eksisterande infrastrukturen ved Ørland hovudflystasjon. I tillegg er det behov for eit materiellprosjekt for anskaffing av møblar, IKT-utstyr, lager- og verkstadmateriell. For desse byggje- og innreiingsprosjekta vil det verte utarbeidd eigne forprosjekt, der enkelte prosjekt vil verte godkjende innanfor Forsvarsdepartementet si fullmakt til å godkjenne prosjekt.

Forsvarsdepartementet vil kome attende til Stortinget for godkjenning av fleire nye byggjeprojekt for den nye kampflybasen på Ørland.

3 Tidlegare godkjent eigedoms-, byggje-, og anleggsprosjekt – godkjenning av endring av omfang og kostnadsramme (kapittel 1710)

3.1 Nye stasjonar til Grensevakta i Sør-Varanger

Prosjekt for nye stasjonar til Grensevakta i Sør-Varanger vart godkjend ved Stortinget si handsaming av Innst. 441 S (2010–2011), jf. Prop. 110 S (2010–2011). Prosjektet har si bakgrunn i at dei fleste stasjonane for Grensevakta i Sør-Varanger er oppførde på 1950- og 60-talet. Desse trong total fornying. Det var òg behov for oppgradering av den nyaste stasjonen som vart oppført på byrjinga av 1990-talet. Dei seks stasjonane for grensevakta skal erstattast med to større stasjonar som dekkjer kvar sin del av den norsk-russiske grensa.

Prosjektet skal dekkje grensevakta sitt samla behov for forlegning og operasjonsbasar for grensejegerane med ein stasjon i sør i Svanvik og ein stasjon i nord ved Storskog. Det vert bygd kennel

på kvar stasjon. Frå stasjonen i nord til grensa vert det etablert ny køyretarasé. Det vil òg bli bygd ei ny patruljehytte. Kostnadsramma til prosjektet er 294 mill. kroner, jf. Prop. 1 S (2013–2014).

Etableringa av stasjonen til grensevakta i sør er i hovudsak ferdig og stasjonen vil no gradvis bli teke i bruk. Det står att noko arbeid utandørs. Med denne nye stasjonen i Svanvik har Forsvaret fått høvelege lokale som legg godt til rette for ei effektiv drift av verksemda til grensevakta i sør. Stasjonen i sør vert gjennomført innafor sin del av den totale kostnadsramma for prosjektet.

For stasjonen i nord har detaljprosjekteringa synleggjort behov for nokre justeringar frå godkjent prosjekt. Det er mellom anna auka behov knytt til integrering av informasjons- og kommunikasjonsteknologi, krav til tryggleik, nye krav til kennelen ved stasjonen og infrastruktur. I tillegg er det innhenta tilbod som viser ei auke i marknadsprisen utover den årlege prisjusteringa. Oppdaterte kostnadsanslag for den nye stasjonen i nord viser behov for å auke den totale kostnadsramma for prosjektet til 351 mill. kroner.

4 Nytt materiellprosjekt for godkjenning (kapittel 1760)

4.1 Oppgradering av luftvernssystem til Fridtjof Nansen-klassen fregattar

Stortinget vart i Prop. 1 S (2013–2014) informert om eit nyoppretta prosjekt som skal sørge for at Fridtjof Nansen-klasse fregattane vert utrusta med eit relevant luftvernssystem ved at sjølvforsvarsmissila vert gjort i stand til å nedkjempe kjende truslar både i notid og i eit framtidsperspektiv.

Forsvaret sine fregattar bidreg til å ivareta Forsvaret sine oppgåver i fred, krise og krig. Fregattane har eit vidt spekter av sensorar og våpen, og skal vere nyttige i heile breidda av maritime operasjonar, både nasjonalt og internasjonalt. Fartya sine våpensystem og sjølvforsvar må difor vere moderne og effektive for å kunne brukast til å løyse sitt breie spekter av oppgåver. Det integrerte våpensystemet med sjølvforsvar mot lufttruslar som vart vald ved anskaffinga av fregattane, var vel kjent og henta frå eksisterande design som vart brukt i den amerikanske marinen sine AEGIS-farty. Dette førde til redusert grad av utvikling og svært låg risiko for prosjektgjennomføringa, noko som var avgjerande ved val av våpensystem og sjølvforsvarsmissil på fregattane.

Krava til eksisterande sjølvforsvarsmissil, *Evolved SeaSparrow Missile* (ESSM), vart utvikla på 1990-talet. Missilet vart designa til å ha ei initiell levetid på 15 år. Framtidige nye og endra truslar gjer at det er behov for oppdateringar og vidareutvikling av luftvernmissilssystemet.

Føremålet med prosjektet er å sørge for at Fridtjof Nansen-klassen har eit luftvernmissil som møter dette operative behovet. Det omfattar kapasitet til å gi fregattane sjølvforsvar både mot dagens truslar og dei våpentruslane som kan ventast i åra framover. Likeeins skal fregattane framleis ha evne til å virke saman med allierte marinestyrkar, slik at dei kan samhandle for å oppnå større operativ evne. Systemet skal kunne vere operativt tilgjengeleg og teknologisk relevant og slik sikre vår evne til å innfri våre nasjonale oppgåver og internasjonale plikter. Prosjektet skal vidare sørge for tilgang på reservedelar og sørge for å oppnå mest mogeleg teknologisk utbytte og sparing ved oppdateringar av luftvernssystemet gjennom samarbeidsprosjekt med andre nasjonar.

Det er vurdert to alternative tekniske løysingar i tillegg til å behalde den eksisterande løysinga. Dei to løysingane er 1) Å oppgradere eksisterande missil bygd i USA og 2) Å skaffe eit europeisk missil og integrere det i AEGIS-våpensystemet. Løysinga som er vald, ut i frå yting, kostnad og tidsperspektiv, er å oppgradere dei eksisterande missila (ESSM) i eit samarbeid med andre nasjonar innanfor *NATO SEASPARROW*-prosjektet.

Noreg deltok i etableringa av *NATO SEASPARROW*-prosjektet frå seint på 1960-talet. Den daglige drifta vert gjort av *NATO SEASPARROW Project Office* (NSPO), der Noreg er fast representert. Gjennom dette samarbeidet vert nye generasjonar missil utvikla og produserte.

Samarbeidet omfattar også eit vedlikehalds- og støtteapparat som sikrar at dei 12 medlemsnasjonane har velfungerande sjølvforsvarssystem på overflatefartya sine. Den tilrådde løysinga inneber at Noreg deltek i utviklinga av *Evolved Seasparrow Missile Block 2* (ESSM Block 2) og deretter anskaffar dette missilet.

For å gi størst grad av sjølvforsvar mot eit spekter av truslar, vert også fleire av Forsvaret sine eksisterande *ESSM Block 1* levetidsforlenga. Dette gir ein missilbeholdning med to konfigurasjonar som Forsvaret kan nytte på best mogeleg taktisk måte. Våpensystemet (AEGIS) vert oppgradert for å handtere kjende truslar og ESSM Block 2.

Tidsplanen som er lagt til grunn, er at prosjektet startar opp i 2014 og at det kan terminerast i 2026.

Ekstern kvalitetssikring av prosjektet er gjennomført i samsvar med statens kvalitetssikringsregime. Resultata frå kvalitetssikringa ligg til grunn for den tilrådde kostnadsramma. Den tilrådde kostnadsramma (post 45) for prosjektet er 1 849 mill. kroner, medrekna ei avsetning for usikkerheit. Gjennomføringskostnadene (post 01) for prosjektet er estimert til 30 mill. kroner.

5 Saker til informasjon

5.1 Landbasert, indirekte eldstøtte

Prosjektet vart vedteke ved Stortinget si handsaming av Innst. S. nr. 370 (2008–2009), jf. St.prp. nr. 70 (2008–2009). Prosjektet omfattar nyskaffing av 24 sjølvdrivne artilleriskyts med system for handtering av ammunisjon, logistikk og ei viss mengde presisjonsstyrd ammunisjon og røykammunisjon. Nyskaffinga var planlagt gjennomført i samarbeid med Sverige. Leveransane skulle vore avslutta i 2013.

Då Noreg og Sverige avgjorde å gjennomføre ei felles nyskaffing av artillerisystemet, kalla *Archer*, var det mellom anna med grunnlag i at systemet ville liggje langt framme teknologisk sett, og at Hæren difor skulle få auka si operative yteevne. Samstundes skulle ein kunne operere systemet med lågare innsats av ressursar.

I Prop. 1 S (2012–2013) og Prop. 1 S (2013–2014) orienterte Forsvarsdepartementet om at leveransane ville kome betydeleg seinare grunna tilhøve hjå leverandøren, mellom anna avvik i kvalitet og tekniske utfordringar med skyts og systema for handtering av ammunisjon.

Regjeringa konkluderte difor med at artillerisystemet ikkje ville fylle Forsvaret sitt behov innan den tida som var tilgjengeleg, og å trekkje seg ut av sin del av kontrakten med leverandøren som følgje av at vi ikkje hadde tillit til at han ville kunne greie å levere eit artillerisystem i tråd med kontrakten.

Artilleri er ein viktig operativ kapasitet for Forsvaret, og Stortinget har tidlegare vedteke at denne kapasiteten skal vere ein del av strukturen. Dette ligg fast, og Forsvarsdepartementet har difor byrja arbeidet med å finne alternativ til *Archer*.

Eksisterande artillerisystem av typen M109 har ei forventet levetid fram til 2020. Ei erstatning for M109-systemet må vere på plass innan denne tida. Kva for eit artilleri Hæren skal ha i framtida, vil fyrst bli klart etter ei grundig vurdering av moglege alternativ. Ein prosess for å skaffe eit

nytt artillerisystem er både tidkrevjande og omfattande. Det er difor naudsynt å få ei avklaring så snart som råd. Det er venta at ei avklaring om val av system vil kunne kome i 2014.

Regjeringa vil kome attende til Stortinget med informasjon om denne saka. Dersom det vert førelege endringar i prosjektet som går ut over tidlegare fastsette omfang og kostnadsramme vil regjeringa leggje fram ei eige sak om dette.

Prosjektet si prisjusterte kostnadsramme (post 45) er 2 035 mill. kroner (2014).

5.2 Fleirnasjonalt samarbeid om tank- og transportfly

Regjeringa er oppteken av kostnadseffektive og gode løysingar for nyskaffing av materiell. Samarbeidsløysingar blir vurderte i alle prosjekt. Innfor området luft-til-luft drivstoffylling (lufttanking), deltar Noreg i eit prosjekt for mogleg fleirnasjonal framskaffing og drift av multirolle tank- og transportfly (MRTT). Initiativet er sett igang av *European Defence Agency* (EDA) under leiing av Nederland, med Noreg som ein sentral aktør. Prosjektet har som mål å auke kapasiteten til strategisk lufttransport og lufttanking. Samarbeid med private aktørar (OPP/OPS) har vore vurdert, men har av ulike grunnar vist seg utfordrande å gjennomføre. Nasjonane har difor, mellom anna for å redusere risiko i prosjektet, vald ikkje å gå vidare med dette alternativet.

Ein intensjonsavtale (*Letter of Intent – LoI*) om arbeidet med å utvikle ei felles løysing for framskaffing og drift av ein fleirnasjonal MRTT-flåte vart signert på EDA sitt styremøte for forsvarsministrane¹ 19. november 2012. Avtalen omtalar dei overordna rammene og retninga for det vidare arbeidet i prosjektet.

Lufttanking gjev auka operasjonstid og rekkjevidde til mellom anna kampfly. Noreg har stort sett leigd inn amerikanske eller nederlandske tankfly for at kampflygarane våre skal kunne gjennomføre naudsynt trening på lufttanking. Nederland er ein av pådrivarane i det EDA-støtta arbeidet, då dei nederlandske tankflya skal skiftast ut omkring 2020. USA har varsla redusert nærvere med militære styrkar i Europa, og dette gjeld også for tankfly.

Noreg kan difor få store utfordringar med å dekkje vårt behov for lufttanking i framtida. Vårt nasjonale behov er for lite til at ein eigen nasjonal

kapasitet er berekraftig. I tillegg til kostnader til framskaffing og drift av flya, ville ein måtte byggje opp ein organisasjon for å operere dei. Utreknningar frå Nederland tyder på at ei slik eining vil ligge på om lag 140 personar, dersom oppgåver som til dømes brann, redning, rydding av snø mv. vert ivaretekne av andre einingar ved heimebasen. Etter planen skal ein bindande avtale mellom dei deltakande nasjonane (MoU) signerast i 2015 med påfølgande kontraktsinngåing. Flya er planlagt sette i drift frå 2020.

Gjennom ei fleirnasjonal løysing kan det sjå ut som at Noreg får dekt behova på ein kostnads-effektiv måte. Regjeringa vil peike på at det framleis er mykje arbeid att før eit utkast til ein avtale (MoU) er klar. Det er starta eit arbeid med å lage ei utgreiing for den nasjonale avgjerdsprosessen. Denne vil etter planen vere klar for ekstern kvalitetssikring i 2014.

Regjeringa planlegg å kome attende til Stortinget med saka i ein proposisjon i 2015.

5.3 Einskaphelikopter til Forsvaret

Prosjektet vart vedteke ved Stortinget si handsaming av Innst. S. nr. 7 (2000–2001) til St.prp. nr. 1 (2000–2001). Prosjektet omfattar levering av 14 NH90-helikopter til Kystvakta og fregattane. Helikoptra skulle ha vore leverte i perioden 2005–2008, men leveransane er svært forseinka.

Stortinget vart i Prop. 1 S (2013–2014) informert om status i dei planlagde leveransane av NH90 maritime helikopter. Status var då at Forsvaret skulle skal ta imot seks helikopter i ein såkalla *Initial Operational Capability*- (IOC-) konfigurasjon. Desse helikoptra gir ein initiell operativ kapasitet til Kystvakta. Helikoptra oppfyller ikkje alle krava i kontrakten, men tilfredsstillar krav knytte til trening, og start av ein initiell operativ og teknisk evaluering med sikte på ein begrensa operativ leveranse. Dei resterande åtte helikoptra skulle bli leverte i ein såkalla *Full Operational Capability*- (FOC-) konfigurasjon. Alle helikoptra skulle etter leveranseplanen vore levert i ein fullt operativ konfigurasjon innan utgangen av 2017.

Framleis er det store forseinkingar i leveransane av NH90 til Kystvakta og fregattane. Industrien har ikkje evna å levere i samsvar med krav og avtalar. Dette gjer at det er risiko for forseinkingar i dei komande leveransane.

Årsaka til forseinkingane kan i hovudsak knyttast til manglande kvalitetskontroll hjå industrien, noko som har resultert i mange feil og manglar på helikoptra. Det omfattande arbeidet med mottakskontroll har fått til fylgje at også arbeidet med

¹ Intensjonsavtala vart signert av følgjande nasjonar: Belgia, Frankrike, Hellas, Luxembourg, Nederland, Noreg, Polen, Portugal, Spania og Ungarn.

design av den endelege versjonen har blitt forseinka. Planen for leveransar av NH90 i den endelege versjonen har såleis måtte justerast.

Forsvaret har per april 2014 teke imot totalt fire NH90 helikopter. Ytterligere to helikopter er planlagt levert i løpet av hausten. Forsvaret sine helikopterressursar er hardt pressa. I Prop. 1 S (2013–2014) vert det informert om at Luftforsvaret allereie har ein redusert evne til å støtte kystvaktfarty med Lynx helikopter, med bakgrunn i at desse nærmar seg slutten på teknisk levealder og difor vist seg svært krevjande å halde operative. Vidare er Lynx levetidsforlenga for å gje helikopterstøtte til Kystvakta i 2014 samstundes med at NH90 vert fasa inn. Det er viktig å få NH90 operativ så raskt som mogeleg. For å kraftsamla om NH90, er det naudsynt å avslutte bruken av Lynx tidlegast mogeleg.

Etter den justerte planen er det lagt opp til at ein frå tidleg i 2015 skal kunne nytte NH90 til avgrensa kystvaktsoperasjonar frå land og at ein frå sumaren 2015 skal operere helikoptra frå kystvaktfarty. Samstundes skal ein starte utprøvinga på fregattane.

Leveransane av den endelege versjonen med opp til fire helikopter i året vil gå føre seg i 2017–2020. Prosessen med å ferdigstille design og kvali-

fisere den endelege versjonen er i slutfasen, men nokre krevjande område står att.

5.4 Klede og verneutstyr – teknisk justering av kostnadsramma

Prosjektet klede og verneutstyr vart godkjent gjennom Stortinget si handsaming av Innst. 7 S (2013–2014), jf. Prop. 1 S (2013–2014). Føremålet med prosjektet er å erstatte og utvikle vidare personleg klede- og verneutrusting til militært personell på alle nivå for bruk under relevante trenings- og operasjonsmiljø i inn- og utland. Ved ein feil vart prosjektet si kostnadsramme oppgjeve i 2013-kroneverdi til 700 mill. kroner inkludert avsetning for usikkerheit. I 2014-kroneverdi er prosjektet si prisjusterte kostnadsramme 715 mill. kroner (post 45). I tillegg kjem gjennomføringskostnader (post 01) på 16 mill. kroner.

Forsvarsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om investeringar i Forsvaret.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget vert bede om å gjere vedtak om investeringar i Forsvaret i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om investeringar i Forsvaret

I

Stortinget samtykkjer i at Forsvarsdepartementet i 2014 kan

1. starte opp nye investeringsprosjekt, medrekna større eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt, omtala i kapitla 2 og 4 i den framlagde proposisjonen, innanfor dei gjevne kostnadsrammene.
2. endre tidlegare godkjent investeringsprosjekt, omtala i kapittel 3 *Tidlegare godkjent eigedoms-, byggje- og anleggsprosjekt – godkjenning av endring av omfang og kostnadsramme*, i den framlagde proposisjonen, innanfor den gjevne kostnadsramma.



